


Sak 39-21 Referatsaker

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

10.08.21. KLP	Renteendring
11.08.21. Christie og Opsal AS	Flytting av hyttecontainer Festøya.
19.08.21 Brønnøysundregistra.	Godkjent årsrekneskap 2020
20.08.21 Møtereferat	Frå møtet hos RIR 19.08.21 vedk presentasjon ettersorteringsanlegg og omvisning ettersorteringsanlegg.
30.06.21 NTNU v. E.H.Falklev	Sluttrapport ettersorteringsanlegg for avfall i Ålesundsregionen (71 sider. Les denne på nett)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS
Torvmyrane 29

6160 HOVDEBYGDA

KLP Banken AS
Org.nr.: 993 821 837 Foretaksregisteret
KLP Boligkreditt AS
Org.nr.: 912 719 634 Foretaksregisteret
KLP Kommunekreditt AS
Org.nr.: 994 526 944 Foretaksregisteret
Selskaper i KLP-konsernet
www.klp.no

Trondheim 10.08.2021

RENTEENDRING 6 LÅN

Viser til avtale om nye rentevilkår for nedenfor nevnte lån. Lånene får nå følgende PT- vilkår:

Lånenr	Ny rente	Gjeldende fra	Renteberegning
8317.50.28067	0,900%	16.08.2021	Act/365
8317.53.32254	0,900%	16.08.2021	Act/365
8317.53.32246	0,900%	16.08.2021	Act/365
8317.54.93657	0,900%	16.08.2021	Act/365
8317.54.93649	0,900%	16.08.2021	Act/365
8317.54.93630	0,900%	16.08.2021	Act/365

Øvrige betingelser er uendret.

Med vennlig hilsen

Kommunal Landspensjonskasse
Iflg. fullmakt

Far *Jørn Øgen Andersen*
Kjetil Gjøn-Øien

Gunn B. Kvamstad
Gunn Berit Kvamstad

Petter Bjørdal

Frå: Kristian Brøste <kristian.broste@christie.no>
Send: onsdag 11. august 2021 12:28
Til: Svein Ove Trandal; Malene Busengdal; Petter Bjørdal
Kopi: Alexander Hervåg; Jens Petter Grebstad
Emne: SV: Container Festøya

Hei,

En ting er å finne plass til kontaineren, men det må jo også være plass ved siden av til å stoppe for å hive i bosset. Det beste hadde nok vært om kontaineren ble flyttet bort fra Festøya i byggetiden. Kan dere i VØR diskutere om det kan finnes en alternativ plassering for hytterrenovasjonen frem til sommeren neste år?

Med tanke på hvor trangt det blir der, og utfordringen med alt for lite parkering for både publikum og ferjemannskaper blir det nok veldig ugunstig å ha denne der også. Med overfylt parkering vil folk sannsynligvis stoppe i veibanen for å kaste bosset, og det vil i verste fall kunne føre til farlige situasjoner.

Med vennlig hilsen





Christie & Opsahl AS

Kristian Marstein Brøste
Prosjektleder
Mob 47 37 00 19
kristian@christie.no
www.christie.no

Fra: Svein Ove Trandal <SveinOve.Trandal@vegvesen.no>
Sendt: onsdag 11. august 2021 12:10
Til: Malene Busengdal <malenebusengdal@icloud.com>
Kopi: Kristian Brøste <kristian.broste@christie.no>
Emne: SV: Container Festøya

Hei,
Det som er markert med mørkegrått på kartene under er offentlig grunn, er det mulig å finne en grei plassering innenfor dette?



Med hilsen
Svein Ove Trandal



Organisasjonsnr: 984 068 085
VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS
Torvmyrane 29
6160 HOVDEBYGDA

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
AR441415850	2021632228	19.08.2021

Stadfesting om godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2020

Vi har den 12.08.2021 motteke og godkjend årsrekneskapen.
Årsrekneskapen er offentlig tilgjengelig, jf. rekneskapslova § 8-1.

Du må kontrollere at disse opplysningane er riktige:

Årsrekneskapen for rekneskapsåret 2020 gjeld perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020.

Verksemda er i perioden ikkje registrert som morselskap i konsern.

Viss opplysningane er feil, må du sende ny korrigert årsrekneskap.

Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du tok imot vedtaket. Klageinstansen er Finansdepartementet, men du må sende klaga skriftleg til Rekneskapsregisteret. Det må gå fram kva vedtak du klagar på og klaga må vere grunngitt, datert og underskrive av klagaren. Sjå forvaltingslova §§ 28-32. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, men med dei avgrensingane som følger av forvaltingslova §§ 18 og 19.

Gratis tilgang til norske lover finn du på www.lovdatab.no.

Med helsing
Brønnøysundregistra - Rekneskapsregisteret

Narve Amundsen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Møtereferat møte hos RIR

20.08.2021

Kl. 10.00 – 14.00

Tilstade: Øystein Solevåg, Trond Trane Lauritsen, Irene Vik, Frode Erlandsen, Petter Bjørdal.

I tillegg deltok representant frå Innovasjon Norge og leiargruppe til RIR i samband med presentasjon av rapporten om ettersorteringsanlegg på Sunnmøre.

1. Presentasjon av ettersorteringsanlegg ÅRIM v. Øystein Solevåg

Utgått. MD sitt høyringsnotat 2017 om trongen for å redusere klimautslepp. Det leia vidare til prosjektet smart sirkulær by. Eit samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar med ein tilsett forskar som såg på ettersorteringsanlegg og smarte avfallsløysingar.

Vidare kom Klimasats frå MD for å kutte klimautslepp. Og fakta viste at Tafjord Kraftvarme (TKV) har det største punktutsleppet i Ålesund. Undersøking viste at karbonfjerning i røykgassen. vil ha stor effekt. Fossil karbon i avfall er i stor grad plast.

Ettersortering og fjerning av plast vil gi stor effekt ved fjerning av karbon og gi redusert CO2.

Plukkanalyser vart gjennomført i alle selskapa som leverar avfall til TKV.

Utstyret som er brukt er i stor grad lik med Ivar og Roaf sitt, dvs Tomra.

Presentasjonen til Øystein skal sendast oss i etterkant, og lagt ut på heimesida vår under presentasjonar.

2. RIR sitt ettersorteringanlegg av restavfall.

Anlegge prøvestarta to dagar før vi var der, så det var ein del maskineri som ikkje var innstilt. Men det gjekk i drift, og pakka avfall i ballar, som då skulle vere fritt for tungfraksjon, magnetisk stål og aluminium.

Anlegget kosta 75 mill kr. 50 mill i bygg og 25 mill i utstyr.

Hovedmålet med bygginga var å få alt avfall under tak. Rasjonalisere drifta og gjere driftsprosessane uavhengig av hjullastar. Det var planlagt 70 % reduksjon i bruk av hjullastarar.

Der var to tippordningar inne. Næringsavfallet tipp i ei lomme som vidare vart sortert maskinelt med elektrisk sorteringsmaskin. Den andre lomma der hushaldningsavfallet vart tippa, gjekk rett i transportband og opp i kværna, som og var elektrisk.

Det vart sortert ut 7 fraksjonar. Frå tungfraksjon til lettfraksjon.

Trafikklys regulerte trafikken mot portane

Elektrisk hjullastar gjekk inne pga arbeidsmiljøet.

Steco var leverandør av det tekniske anlegget.

